

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Saka vert lagt fram utan saksframlegg.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slike forslag til uttale til justis- og beredskapsminister Monica Mæland, justis- og beredskapsdepartementet og Vestlandsbenken:

«Noreg bør bidra til å avlasta Hellas

Etter at det syriske regimet har sett i gang ein ny offensiv i Idlib-provinsen nordvest i Syria er det oppstått ei ny flyktningkrise i det krigsherja landet.

Samstundes har Tyrkia gjort det klart at dei ikkje vil stogga syriske flyktningar frå å ta seg inn i Europa. Det medfører at fleire no forsøker å ta seg over den tyrkisk-greske grensa til fots, eller i båt til greske øyer ved den tyrkiske kysten. Dette fører til nytt press på Hellas, som fekk 75.000 nye asylsøkjarar i fjor, og som idag har eit mottakssystem med alvorlege manglar, ikkje minst på Lesvos, Samos og Chios, der flyktningar lever under dårlege kår i overfylte flyktningleirer. Situasjonen er dramatisk, ikkje minst for born i leirene.

FN sin høgkommisjonær for flyktningar har bede europeiske land om ansvarsdeling, og norske humanitære organisasjoner som er involvert i hjelpearbeid på dei greske øyene har også bede Noreg om å bidra med avlastning i form av evakuering og relokalisering av nokre av dei mest sårbarane flyktningane, slik det også vart gjort i 2016-17.

I fjor bad Hellas andre europeiske land om å ta imot åleinekomande, mindreårige flyktningar frå desse leirene. I eit brev til dåverande justisminister Jørjan Kallmyr i fjor haust vart Noreg bedne om å ta imot 150 ungdomar.

Norske myndigheter sa då nei til dette, samstundes som ein sa seg viljug til å diskutera moglege fellesløysingar på europeisk nivå. Slike fellesløysingar har ein ikkje kome fram til, og no kan situasjonen i overfylte flyktningleire bli ytterlegare forverra, som følgje av nye flyktningstraumar.

Vestland fylkesting understrekar at det er viktig å søkja felleseuropaiske løysingar, men vil i den samband peika på verdien av at nokre land går føre. Fylkesting oppmodar på bakgrunn av utviklinga i regionen regjeringa om å gjera ei ny vurdering, om til at Noreg bidreg gjennom relokalisering av flyktningar frå Hellas til Noreg, og i den samanheng prioriterer åleinekomande mindreårige, familiar med born og menneske med nedsett funksjonsevne.»

Avrøysting

Det var 62 representantar til stades.

Strømmen sitt forslag fekk 53 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, H, 3FNB) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkestinget sender slik uttale til justis- og beredskapsminister Monica Mæland, justis- og beredskapsdepartementet og Vestlandsbenken:

«Noreg bør bidra til å avlasta Hellas

Etter at det syriske regimet har sett i gang ein ny offensiv i Idlib-provinsen nordvest i Syria er det oppstått ei ny flyktningkrise i det krigsherja landet.

Samstundes har Tyrkia gjort det klart at dei ikkje vil stogga syriske flyktningar frå å ta seg inn i Europa. Det medfører at fleire no forsøker å ta seg over den tyrkisk-greske grensa til fots, eller i båt til greske øyer ved den tyrkiske kysten. Dette fører til nytt press på Hellas, som fekk 75.000 nye asylsøkjarar i fjor, og som idag har eit mottakssystem med alvorlege manglar, ikkje minst på Lesvos, Samos og Chios, der flyktningar lever under dårlege kår i overfylte flyktningleirer. Situasjonen er dramatisk, ikkje minst for born i leirene.

FN sin høgkommisjonær for flyktningar har bede europeiske land om ansvarsdeling, og norske humanitære organisasjoner som er involvert i hjelpearbeid på dei greske øyene har også bede Noreg om å bidra med avlastning i form av evakuering og relokalisering av nokre av dei mest sårbarane flyktningane, slik det også vart gjort i 2016-17.

I fjar bad Hellas andre europeiske land om å ta imot åleinekomande, mindreårige flyktningar frå desse leirene. I eit brev til dåverande justisminister Jørjan Kallmyr i fjar haust vart Noreg bedne om å ta imot 150 ungdomar.

Norske myndigheter sa då nei til dette, samstundes som ein sa seg viljug til å diskutera moglege fellesløysingar på europeisk nivå. Slike fellesløysingar har ein ikkje kome fram til, og no kan situasjonen i overfylte flyktningleire bli ytterlegare forverra, som følgje av nye flyktningstraumar.

Vestland fylkesting understrekar at det er viktig å søkja felleseuropeiske løysingar, men vil i den samband peika på verdien av at nokre land går føre. Fylkesting oppmodar på bakgrunn av utviklinga i regionen regjeringa om å gjera ei ny vurdering, om til at Noreg bidreg gjennom relokalisering av flyktningar frå Hellas til Noreg, og i den samanheng prioriterer åleinekomande mindreårige, familiar med born og menneske med nedsett funksjonsevne.»